



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

| | |
|----------------------|------------------------------|
| Organisasjonsnummer: | 929 363 833 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | SJØTROLL HAVBRUK AS |
| Forretningsadresse: | Alfabygget 1 5392 STOREBØ |

Regnskapsår

| | |
|-------------------------|-------------------------|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2023 - 31.12.2023 |
|-------------------------|-------------------------|

Konsern

| | |
|---------------------------|-----|
| Morselskap i konsern: | Ja |
| Konsernregnskap lagt ved: | Nei |

Regnskapsregler

| | |
|--|------------------------------------|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

| | |
|--|-----------------|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Morten Fjæreide |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 11.11.2024 |

Grunnlag for avgivelse

| |
|--|
| År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert |
| År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023 |

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 17.07.2025



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2023 | 2022 |
|--|-------|----------------------|----------------------|
| RESULTATREKNESKAP | | | |
| Inntekter | | | |
| Salsinntekter | | 85 142 000 | 2 222 932 000 |
| Anna driftsinntekt | | 2 274 875 000 | 144 701 000 |
| Sum inntekter | 2 | 2 360 017 000 | 2 367 633 000 |
| Kostnader | | | |
| Varekostnader, inkl beholdningsendring | | 1 179 617 000 | 1 178 180 000 |
| Lønnskostnad | 3 | 249 489 000 | 267 448 000 |
| Avskrivning på varige driftsmiddel og immaterielle egedelar | 4,5,6 | 86 961 000 | 83 956 000 |
| Annan driftskostnad | 7,8,9 | 592 926 000 | 458 556 000 |
| Sum kostnader | | 2 108 993 000 | 1 988 140 000 |
| Driftsresultat | | 251 024 000 | 379 493 000 |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Inntekt på investering i dotterselskap og i tilknytt selskap | 10 | | 5 352 000 |
| Renteinntekt frå føretak i same konsern | 10,11 | 1 375 000 | 900 000 |
| Anna renteinntekt | 11 | 7 784 000 | 2 603 000 |
| Anna finansinntekt | 11 | 82 000 | 42 000 |
| Sum finansinntekter | | 9 241 000 | 8 897 000 |
| Rentekostnad til føretak i same konsern | 11 | 7 627 000 | |
| Annan rentekostnad | 11 | 19 063 000 | 10 936 000 |
| Sum finanskostnader | | 26 690 000 | 10 936 000 |
| Netto finans | | -17 449 000 | -2 039 000 |
| Resultat før skattekostnad | | 233 575 000 | 377 454 000 |
| Skattekostnad | 12 | 51 778 000 | 82 058 000 |
| Årsresultat | | 181 797 000 | 295 396 000 |
| Overføringar og disponeringar | | | |
| Ordinært utbytte | 13 | 78 000 000 | 60 000 000 |
| Overføring til/frå annan eigenkapital | 13 | 103 796 000 | 235 396 000 |



Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2023 | 2022 |
|-----------------------------------|-------------|-------------|-------------|
| Sum overføringar og disponeringar | | 181 796 000 | 295 396 000 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2023 | 2022 |
|---|-------|----------------------|----------------------|
| BALANSE - EIGEDELAR | | | |
| Anleggsmiddel | | | |
| Immaterielle egedelar | | | |
| Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke og liknande rettar | 4 | 24 625 000 | 24 625 000 |
| Utsett skattefordel | 12 | 7 111 000 | 6 581 000 |
| Sum immaterielle egedelar | | 31 736 000 | 31 206 000 |
| Varige driftsmiddel | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 5,15 | 101 690 000 | 80 072 000 |
| Maskinar og anlegg | 5,15 | 324 363 000 | 301 787 000 |
| Skip, riggar, fly og liknande | 5,15 | 39 567 000 | 43 502 000 |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande | 5,15 | 1 926 000 | 1 031 000 |
| Sum varige driftsmiddel | | 467 546 000 | 426 392 000 |
| Finansielle anleggsmiddel | | | |
| Investeringar i dotterselskap | 10 | 1 071 788 000 | 935 648 000 |
| Investeringar i tilknytt selskap | 10 | 140 015 000 | 140 015 000 |
| Investeringar i aksjar og partar | 16 | 87 000 | 87 000 |
| Andre krav | 10,17 | 30 070 000 | 30 070 000 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | 1 241 960 000 | 1 105 820 000 |
| Sum anleggsmiddel | | 1 741 242 000 | 1 563 418 000 |
| Omløpsmiddel | | | |
| Varer | | | |
| Varer | 15,18 | 100 533 000 | 114 652 000 |
| Sum varer | | 100 533 000 | 114 652 000 |
| Krav | | | |
| Kundekrav | 15,19 | 2 111 778 000 | 1 891 656 000 |
| Andre krav | 20 | 209 757 000 | 184 665 000 |
| Sum krav | | 2 321 535 000 | 2 076 321 000 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | | |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 21 | 117 220 000 | 237 309 000 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 117 220 000 | 237 309 000 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2023 | 2022 |
|--|------|----------------------|----------------------|
| Sum omløpsmiddel | | 2 539 288 000 | 2 428 282 000 |
| SUM EIGEDLAR | | 4 280 530 000 | 3 991 700 000 |
| BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten egenkapital | | | |
| Selskapskapital | 14 | 354 000 000 | 354 000 000 |
| Sum innskoten egenkapital | | 354 000 000 | 354 000 000 |
| Opptent egenkapital | | | |
| Annan egenkapital | 13 | 1 319 730 000 | 1 215 933 000 |
| Sum opptent egenkapital | | 1 319 730 000 | 1 215 933 000 |
| Sum egenkapital | | 1 673 730 000 | 1 569 933 000 |
| Gjeld | | | |
| Langsiktig gjeld | | | |
| Anna langsiktig gjeld | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 15 | 157 800 000 | 163 644 000 |
| Leasinggjeld | 22 | 113 649 000 | 133 738 000 |
| Sum anna langsiktig gjeld | | 271 449 000 | 297 382 000 |
| Sum langsiktig gjeld | | 271 449 000 | 297 382 000 |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 253 550 000 | 181 738 000 |
| Betalbar skatt | 12 | 13 910 000 | 65 042 000 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 15 160 000 | 18 064 000 |
| Utbytte | 13 | 78 000 000 | 60 000 000 |
| Anna kortsiktig gjeld | 23 | 1 974 730 000 | 1 799 490 000 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 2 335 350 000 | 2 124 334 000 |
| Sum gjeld | | 2 606 799 000 | 2 421 716 000 |



Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2023 | 2022 |
|----------------------------------|-------------|----------------------|----------------------|
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | | 4 280 529 000 | 3 991 649 000 |



Til generalforsamlinga i Sjøtroll Havbruk AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sjøtroll Havbruk AS som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og kontanttraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultat og kontanttraumane for regnskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Andre tilhøve

Selskapet sin årsrekneskap er fastsett etter utløpet av fristen i lova for fastsetting av årsrekneskap.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen

T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerelskap



Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 21. oktober 2024
PricewaterhouseCoopers AS

Ole Martin Waage
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)



 Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

| <i>Name</i> | <i>Method</i> | <i>Date</i> |
|-------------------|---------------|------------------|
| Waage, Ole Martin | BANKID | 2024-10-21 20:10 |

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.

for the



Sjøtroll Havbruk AS

ÅRSMELDING FOR 2023

Verksemda sin art og tilhaldsstad

Sjøtroll Havbruk AS er ein del av sjømatkonsernet Lerøy Seafood Group ASA. Forretningskontoret er i Sjøtrollbygget, i Bekkjårvik i Austevoll kommune. Hovudverksemda i selskapet er salg og utleige av driftstenester og utstyr relatert til produksjon av atlantisk laks og regnbogeare. I tillegg driv selskapet to stamfiskkonsesjonar, ein setjefiskkonsesjonar og to yngelkonsesjonar.

Produksjon av laks og aure krev ein lang og kompleks verdikjede. Denne inkluderer rognproduksjon, smoltproduksjon, oppdrett, slakteri og foredling. Med bakgrunn i regjeringa sitt forslag om grunnrenteskatt frå 28. september 2022, samt påfølgjande regjeringsforhandlingar, vart forslaget om grunnrenteskatt på oppdrett vedteke av Stortinget den 31. mai 2023. Dette inneber at aktiviteten som skjer i sjø, knytt til oppdrett av atlantisk laks og aure, skal skattleggjast med ein ekstra grunnrenteskatt på 25 %, i tillegg til ordinær beskatning. Den ekstra skattlegginga av denne aktiviteten skjer frå og med 1. januar 2023. For å enklare kunne synleggjere, måle og rapportere verdiskapinga som skjer i sjøfasen, vart sjøaktiviteten skild ut i eit eige dotterselskap i slutten av 2022. Sidan konsesjonar og tilhøyrande biomasse gjennom lov må eigast av same selskap, vart både dei kommersielle konsesjonane og den tilhøyrande biomassen overført. Konsesjonane vart overførte som ei formuesoverføring i samband med etableringa, medan biomassen vart selt til verkeleg verdi. Andre nødvendige varer og tenester til sjøfasen vart kjøpt inn av det nye dotterselskapet. Det nye dotterselskapet heiter Sjøtroll Havbruk Sjø AS og er heileigd av Sjøtroll Havbruk AS.

Totalt disponerer Sjøtroll Havbruk AS og Sjøtroll Havbruk Sjø AS 23 konsesjonar for produksjon av laks og aure i Vestland fylke, i tillegg til stamfisk-, yngel- og setjefiskkonsesjonane. Verksemda i selskapa er lagt til kommunane Alver, Osterøy, Øygarden, Austevoll, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Sveio og Kvinnherad.

Selskapet si utvikling, stilling og vilkår for framleis drift

Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapen ei rett oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga per 31.12.2023. Det har ikkje inntreffe hendingar eller forhold etter rekneskapsårets slutt som endrar denne oppfatninga. Styret og leiinga i Sjøtroll Havbruk AS legg fram årsrekneskapen under vilkår om framleis drift. Sjøtroll Havbruk AS har etter leiinga og styrets oppfatning eit tilfredsstillande driftsopplegg med tilhøyrande finansielle rammer, som mogleggjer ein god utnytting av selskapets aktiva.

Arbeidsmiljøet

Styret vurderer det generelle arbeidsmiljøet i selskapet som tilfredsstillande. Ved utgangen av 2023 var 203 personar tilsett i selskapet fordelt på 203 heile årsverk. Sjukefråværet var på 5,77 %, av dette var 2,69 % langtidsfråvær over 16 dagar. Selskapet vurderer løpande behovet for iverksetting av tiltak for forbetring i alle deler av organisasjonen, i samråd med selskapet leiling og arbeidsmiljøutval.

Likestilling

Av 203 tilsette ved utgangen av året var 41 kvinner. Selskapet vil framleis i samarbeid med vidaregåande skular og høgskular arbeida for at næringa kan tiltrekkja seg fleire kvinner med rett kompetanse. Anna rapportering i samsvar med aktivitets- og utreiingsplikta vert det vist til Lerøy Seafood Group sin årsrapport.

Helse miljø og tryggleik (HMS)

Verksemda har prosedyrar og målsetjingar for rapportering av nesten-ulukker og ulukker. Avvikssystemet er sentralt i verksemda sitt arbeid med kontinuerleg betring av alle kritiske prosessar. Sjøtroll Havbruk AS skal være ei attraktiv og sikker arbeidsgjevar, og HMS integrerast i alt arbeid som utførast.

Ytre miljø

Selskapet brukar store ressursar på dimensjonering av anlegg og nøter, samt rett plassering av utstyr på lokalitetane. Selskapet innfrir alle krav frå styremaktene og deltar aktivt i utvikling av nye konstruksjonar for å redusera risikoen for rømjing. Selskapet hadde i løpet av 2023 ingen rømmingar.

Åpenhetsloven

Selskapet er ein del av Lerøy konsernet og er omfatta av Lerøy Seafood Group ASA sin konsernredegjørelse i henhold til Åpenhetsloven § 5. Konsernredegjørelsen for 2023 er publisert på Lerøy Seafood Group ASA sin nettside, www.leroyseafood.com/globalassets/02--documents/rapporter/apenhetsloven-redegjorelse/apenhetsloven_redegjorelse_2023



Reduksjon i produksjonskapasitet - Trafikklyssystemet

I 2022 fekk Sjøtroll Havbruk redusert sin produksjonskapasitet med 1 116 tonn MTB. For Lerøy Sjøtroll-samarbeidet vart reduksjonen totalt 2 650 tonn. Trafikklyssystemet klassifiserte både produksjonsområde 3 (PO3) og produksjonsområde 4 (PO4) med raudt lys, og dermed 6% reduksjon i MTB. Den 6. mars 2024 vart trafikklyssordninga for 2024 publisert av Regjeringa, også denne gong med raudt lys i både produksjonsområde 3 (PO3) og produksjonsområde 4 (PO4). Dette vil medføre eit nedtrekk på 2 482 tonn frå og med september 2024, for det samla Lerøy Sjøtroll-samarbeidet. Isolert sett vert ikkje Sjøtroll Havbruk AS råka, då nedtrekket kun gjeld kommersielle tillatelser, som er skild ut til Sjøtroll Havbruk Sjø AS.

Slakterivirksomhet

Sjøtroll Havbruk AS sitt slakteri på Brandasund vart i 2022 beslutta nedlagt, og hadde sin siste driftsdag 29.12.2023. Anlegget på Brandasund hadde ved utgangen av 2023 i rekneskapet ein bokført verdi på MNOK 55,4. Etter balansedagen har Sjøtroll Havbruk AS akseptert eit bod på eigedommen som ikkje vil resultere i rekneskapsmessig tap, og selskapet har difor ikkje føretatt noko nedskriving av eigedommen i rekneskapet.

Utgreiing for årsrekneskapen

Sjøtroll Havbruk AS hadde ein omsetnad på MNOK 2.360 i 2023 og eit driftsresultat på MNOK 251. Netto finanspostar utgjorde MNOK -17,0. Dette gav eit resultat før skatt på MNOK 233,5. Kontantstraumen til operasjonelle aktivitetar utgjorde MNOK 93,96 i 2023.

Selskapet sine samla eigedelar hadde ein rekneskapsmessig verdi på MNOK 4.281 ved årsskiftet. Konesjonar og vassrettar er i selskapet sin balanse bokført til MNOK 24,6. Bokført eigenkapital pr 31.12.2023 er MNOK 1.673. Selskapet si evne til eigenfinansiering av investeringar er tilfredsstillande. Selskapet har god likviditet og finansieringa er tilpassa selskapets drift.

Selskapet har inngått ein samarbeidsavtale med søsterselskapet Lerøy Vest AS, kalla Delingsmodellen. Avtalen går ut på at all fisk i sjø vert eigd saman, og at resultatet vert delt mellom selskapa etter ein brøk som speglar talet på konesjonar i dei to selskapa. Styret ynskjer å nytta høvet til å takka samtlege medarbeidarar for god innsats i 2023.

På selskapet si generalforsamling vil styret tilrå at verksemda sitt overskot for 2023 på TNOK 181.796 blir disponert på følgjande vis:

| | | |
|----------------------------|-----------|--------------------|
| Overført anna eigenkapital | kr | 103.796.000 |
| Avsett utbyte | kr | 78.000.000 |
| Sum disponert | kr | 181.796.000 |

Selskapet er solid, har føremålstenleg finansiering og likviditet som samsvarar med selskapet si drift. Selskapet sin høgste risiko er knytt til biologien i produksjonen.

Utgreiing for selskapet sine utsikter


Med utgangspunkt i selskapet sine forbetningsprosessar og forventa marknadsutsikter i 2024 har leinga og styret, i dag, forventningar om eit noko betre resultat før skatt i 2024 samanlikna med resultatet i året 2023.

Ansvarsforsikring styre og dagleg leiar


Det er teikna ordinær styreansvar forsikring i konsernet som også gjeld dotterselskapa under Lerøy Seafood Group ASA.


Eit mindretal signerer årsmeldinga og årsrekneskapen med atterhald. Fleirtalet sitt syn er at påstandane i atterhaldet ikkje berre er misvisande og/eller direkte feil, men at mindretalet sitt atterhald vert teke mot betre vitande og vikarierende motiv. Fleirtalet kan ikkje gjera anna enn å beklage det.

Bekkjørvik, den 21.oktober 2024


Hege Singelstad
Styreleiar


Bjørn Reinert
Styremedlem


Frode Møgster
Styremedlem (signert med atterhald)


Stur Malm
Styremedlem



Nina Møgster
Styremedlem (signert med atterhald)

Morten Fjæreide
Dagleg leiar

Karoline Møgster
Styremedlem

Nils Arve Eidsheim
Styremedlem

Atterhald frå styremedlem Frode Møgster og Nina Møgster

Vi har innvendingar mot rekneskapen basert på den informasjonen vi har mottatt, og vil derfor signere med atterhald etter rekneskapslova § 3-5 (2). Bakgrunnen er at vi ikkje har fått tilstrekkeleg informasjon om premissane, vurderingane og talgrunnlaget som årsrekneskapen byggjer på.

Vi viser særleg til at Frode – trass fleire førespurnader – ikkje har fått opplyst vekesprisar for laks og aure i 2023 per vektstorleik og kvalitet. Vi har heller ikkje fått opplyst månadsprisar for 2023 etter det nye avtaleverket. Administrasjonen har hatt fleire månader på å leggje fram denne dokumentasjonen, men det har likevel ikkje skjedd.

Vi viser vidare til at det på bakgrunn av innføringa av grunnrenteskatten, er innført eit nytt og omfattande avtaleregime mellom Sjøtroll Havbruk og dei andre konsernselskapa. Sjøtroll Havbruk har inngått til saman 13 konserninterne avtalar som har mykje å seie økonomisk for selskapet. Likevel har styret ikkje behandla avtalane etter aksjeloven § 3-8 om avtalar mellom selskap og aksjeeigar, sjølv om vi har fremja konkret forslag om dette. Dermed har styret heller ikkje utarbeidd ei skriftleg utgreiing der styret stadfestar at alle avtalane er i Sjøtroll Havbruk si interesse, og at det er balanse mellom ytingane. Av same grunn har heller ikkje revisor stadfesta dette. Etter OECDs retningslinjer for internprising, som avtalane viser til, skal det utarbeidast ei "sammenlignbarhetsanalyse" for å dokumentere at vilkår og prisar svarer til det som uavhengige partar ville ha avtalt under samanliknbare forhold. Ein slik analyse er ikkje lagt fram for styret. Det er dermed ikkje dokumentert at Sjøtroll Havbruk i 2023 har oppnådd prisar som svarer til marknadspris.

I note 2 og note 7 i årsrekneskapen står det at transaksjonar med nærstående skjer på marknadsmessige vilkår som er vurdert å vere i samsvar med OECD sitt regelverk. Vi kan ikkje sjå at det er lagt fram tilstrekkeleg dokumentasjon for styret som underbyggjer dette. Rekneskapstala kan tyde på det motsette. Som døme nemner vi at betaling for konserninterne tenester er meir enn dobla frå 2022 til 2023, utan at det er gitt noko forklaring på dette. Det er ikkje informert i tilstrekkeleg grad om kva slags tenester selskapet kjøper, om dei dekkjer reelle behov, og om dei er kjøpt inn på marknadsmessige vilkår. Det er heller ikkje gjort greie for korleis overgangen til nytt avtaleregime har påverka dei samla kostnadene til innkjøp av slike tenester, eller korleis kostnadene er fordelte i Lerøy-konsernet.

Nokre av dei store linjene i avtalane er gjennomgått i styremøtet, men det er i det heile vanskeleg å vurdere dei økonomiske konsekvensane av dei nye avtalane basert på den informasjonen vi har fått. Basert på behandlinga av avtalane i styret og den informasjonen vi elles har fått, har vi ikkje føresetnader for å ta stilling til om årsrekneskapen er rettvise. Vi signerer derfor årsrekneskapen med atterhald.



Sjøtroll Havbruk AS
Årsrekneskap 2023



Resultatregneskap

Sjøtroll Havbruk AS pr 31.12.2023

Alle tal i helle NOK 1.000

| 2023 | | Note | 2022 |
|-------------------------|--|----------|-------------------------|
| 85 142 | Salgsinntekter | | 2 222 932 |
| <u>2 274 875</u> | Andre driftsinntekter | | <u>144 701</u> |
| <u>2 360 017</u> | Sum driftsinntekter | 2 | <u>2 367 633</u> |
| 1 179 617 | Varekostnad, inkl beholdningsendring | | 1 178 180 |
| 249 489 | Lønskostnad | 3 | 267 448 |
| 86 961 | Avskrivning varige driftsmidler og konsesjonar | 4, 5, 6 | 83 956 |
| <u>592 926</u> | Andre driftskostnader | 7,8,9 | <u>458 556</u> |
| <u>2 108 994</u> | Sum driftskostnader | | <u>1 988 140</u> |
| <u>251 024</u> | Driftsresultat | | <u>379 493</u> |
| 1 375 | Renteinntekt frå foretak i same konsern | 10,11 | 900 |
| 7 784 | Anna renteinntekt | 11 | 2 603 |
| 0 | Inntekt investering i dotterselskap | 10 | 5 352 |
| 82 | Anna finansinntekt | 11 | 42 |
| 7 627 | Rentekostnad frå foretak i same konsern | 11 | 0 |
| <u>19 063</u> | Anna rentekostnad | 11 | <u>10 936</u> |
| <u>-17 449</u> | Netto finans | 11 | <u>-2 039</u> |
| <u>233 574</u> | Ordinært resultat før skattekostnad | | <u>377 454</u> |
| 51 778 | Skattekostnad på ordinært resultat | 12 | 82 058 |
| <u>181 796</u> | Årsresultat | | <u>295 396</u> |
| | Nytting av årsresultat | | |
| 103 796 | Overført anna eigenkapital | 13 | 235 396 |
| <u>78 000</u> | Avsett utbytte | 13 | <u>60 000</u> |
| <u>181 796</u> | Sum nytta årsresultat | | <u>295 396</u> |



Balanse

Sjøtroll Havbruk AS pr 31.12.2023

Alle tal i heile NOK 1.000

| 2023 | | Note | 2022 |
|------------------|---|--------|------------------|
| | Eigedeler | | |
| | Anleggsmidler | | |
| 24 625 | Konsesjonar o.l. | 4 | 24 625 |
| 7 111 | Utsett skattefordel | 12 | 6 581 |
| <u>31 736</u> | Sum immaterielle eiendeler | | <u>31 206</u> |
| | Varige driftsmidler | | |
| 101 690 | Tomter,bygningar og anna fast eigedom | 5, 15 | 80 072 |
| 324 363 | Maskiner, anlegg o.l | 5, 15 | 301 787 |
| 39 567 | Skip, flåter o.l. | 5, 15 | 43 502 |
| 1 926 | Driftslausøre, inventar, verktøy o.l. | 5, 15 | 1 031 |
| <u>467 546</u> | Sum varige driftsmidler | | <u>426 392</u> |
| | Finansielle anleggsmidler | | |
| 1 071 788 | Investering i dotterselskap | 10 | 935 648 |
| 140 015 | Investering i tilknytte selskap | 10 | 140 015 |
| 87 | Investeringer i andre aksjer og andelar | 16 | 87 |
| 30 070 | Andre langsiktige fordringar | 10, 17 | 30 070 |
| <u>1 241 960</u> | Sum finansielle anleggsmidler | | <u>1 105 820</u> |
| <u>1 741 241</u> | Sum anleggsmidler | | <u>1 563 418</u> |
| | Omløpsmidlar | | |
| <u>100 533</u> | Varer | 15, 18 | <u>114 652</u> |
| | Fordringar | | |
| 2 111 778 | Kundefordringar | 15,19 | 1 891 656 |
| 209 757 | Andre fordringar | 20 | 184 665 |
| <u>2 321 535</u> | Sum fordringar | | <u>2 076 321</u> |
| <u>117 220</u> | Bankinnskot, kontanter o.l. | 21 | <u>237 309</u> |
| <u>2 539 288</u> | Sum omløpsmidlar | | <u>2 428 282</u> |
| <u>4 280 529</u> | Sum eigedelar | | <u>3 991 700</u> |



Balanse

Sjøtroll Havbruk AS pr 31.12.2023

Alle tal i hele NOK 1.000

| 2023 | | Note | 2022 |
|------------------|--|------|------------------|
| | Eigenkapital og gjeld | | |
| | Eigenkapital | | |
| | Innskoten egenkapital | | |
| 354 000 | Selskapskapital | 14 | 354 000 |
| <u>354 000</u> | Sum innskoten egenkapital | | <u>354 000</u> |
| | Opptent egenkapital | | |
| 1 319 730 | Anna egenkapital | 13 | 1 215 933 |
| <u>1 319 730</u> | Sum opptent egenkapital | | <u>1 215 933</u> |
| 1 673 730 | Sum egenkapital | 13 | 1 569 933 |
| | Gjeld | | |
| | Avsetning for forpliktelsar | | |
| 0 | Utsett skatt | 12 | 0 |
| <u>0</u> | Sum avsetning for forpliktelsar | | <u>0</u> |
| | Anna langsiktig gjeld | | |
| 113 649 | Leasinggjeld | 22 | 133 738 |
| 157 800 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 15 | 163 644 |
| <u>271 449</u> | Sum anna langsiktig gjeld | | <u>297 382</u> |
| | Kortsiktig gjeld | | |
| 0 | Kassekreditt | | 0 |
| 253 550 | Leverandørgjeld | | 181 789 |
| 13 910 | Betalbar skatt | 12 | 65 042 |
| 78 000 | Avsett utbytte | 13 | 60 000 |
| 15 160 | Skyldige offentlige avgiftar | | 18 064 |
| 1 974 730 | Anna kortsiktig gjeld | 23 | 1 799 490 |
| <u>2 335 350</u> | Sum kortsiktig gjeld | | <u>2 124 385</u> |
| 2 606 799 | Sum gjeld | | 2 421 767 |
| 4 280 529 | Sum egenkapital og gjeld | | 3 991 700 |

Bekkjærvik, 21.10.2024

Styreleder: Geir Singelstad

Styremedlem: Sjur Malm

Styremedlem: Karoline Møgster

Styremedlem: Nils Arve Eidsheim

Styremedlem: Nina Møgster

Styremedlem: Frode Møgster

Styremedlem: Bjarne Reinert

Daglig leiar: Morten Fjæreide



Kontantstrømoppstilling

Alle tal i heile NOK 1.000

| 2023 | KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR | 2022 |
|-----------------|--|-----------------|
| 233 574 | Ordinært resultat før skattekostnad | 377 454 |
| 0 | Kontinuitetsdifferanse før skatt ved biomasseoverdragelse | 356 121 |
| -65 043 | Periodens betalte skatt | -34 850 |
| 86 961 | Ordinære avskrivningar | 83 956 |
| 14 119 | Endring i varebeholdning | 698 739 |
| -220 122 | Endring i kundefordringar | -1 614 404 |
| 71 761 | Endring i leverandørgjeld | 52 844 |
| 0 | Tilbakeføring inntekt investering datterselskap | -5 352 |
| -27 292 | Endring i andre tidsavgrensningar/periodiseringar | 350 639 |
| <u>93 958</u> | Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar | <u>265 147</u> |
| | KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGSAKTIVITETER | |
| -128 115 | Investering i varige driftsmidlar | -124 531 |
| 0 | Endring langsiktige fordringar frå tilknytt selskap, kontanteffekt | 0 |
| <u>-128 115</u> | Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar | <u>-124 531</u> |
| | KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR | |
| 0 | Opptak av ny langsiktig gjeld, inkl leasing | 53 125 |
| -25 933 | Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld, inkl leasing | -35 422 |
| 0 | Endring i kassekreditt (gjeld) | 0 |
| -60 000 | Utbetaling av utbytte | -120 000 |
| <u>-85 933</u> | Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar | <u>-102 297</u> |
| -120 090 | Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l. | 38 319 |
| <u>237 310</u> | Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 01.01. | <u>198 991</u> |
| <u>117 220</u> | Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 31.12. | <u>237 310</u> |



Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med den norske reknekslovens bestemningar.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffingskost, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet er venta til ikkje å vere forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Leasa driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leige kontrakten vert sett på som finansiell.

Langsiktig lån vert balanseført til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar vert vurdert til lavaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Enkelte poster er vurdert etter andre prinsipp og vert gjort reie for nedafor.

Valuta

Pengeposter i utanlandsk valuta vert omrekna til kurs på balansedagen.

Langsiktige investeringar

Investeringar i tilknytta selskap er balanseført til kostmetoden. Investeringar i andre aksjar og andelar er også vurdert etter kostmetoden.

Varer

Førlager er vurdert til anskaffingskost. Lager av rogn, settefisk, fisk i sjø, ferdigvarer og fryselager er vurdert til laveste verdi av berekna tilvirkingskost, inklusiv finanskostnader, og verkeleg verdi (estimert netto salsverdi). I tillegg er det foretatt nedskrivning/nedjustering av verdi fisk i sjø ved dødelighet utover normal dødelighet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert ført opp til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane. I tillegg vert det for øvrige kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekke antatt tap.

Inntektsføring

Driftsinntekter frå salg av varer vert rekna inn i resultatrekneskapen når det vesentlegaste av risiko og fordelar ved eigarskap har gått over til kjøpar, som normalt er på leveringstidspunktet. Driftsinntekter frå utførde tenester vert rekna inn i resultatrekneskapen i forhold til transaksjonane sin fullføringsgrad på balansedagen. Driftsinntekter vert ikkje innrekna dersom det er betydeleg usikkerhet knytta til om forfalte krav vil bli betalt, dersom det er sannsynlig at varene blir returnert eller i dei tilfelle selskapet har styringsrett over dei leverte varene. Driftsinntektene er fråtrukne avgifter, rabatter, bonusar og øvrige salskostnader.

Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

Leigeavtaler

Leigeavtaler der ein vesentleg del av risiko og avkastning knytta til eigarskap fortsatt ligg hos utleigar, vert klassifisert som operasjonelle leigeavtaler. Leigebetaling ved operasjonelle avtaler vert kostnadsført over leigeperioden. Leigeavtaler knytta til varige driftsmidlar der selskapet innehar tilnærma all risiko og avkastning knytta til eigarskapet blir klassifisert som finansielle leigeavtaler. Finansielle leigeavtaler blir ved leigeperioden sin begynnelse rekneskapsført til det lavaste av driftsmiddelet sin verkelege verdi og minsteleigen sin noverdi. Kvar leigebetaling bli fordelt mellom leasingforpliktelsen og finanskostnader for å oppnå ein konstant periodisk rentesats på forpliktelsen sin gjestående saldo. Varige driftsmidlar under finansielle leigeavtaler blir avskrive over eigedelen sin forventa utnyttbare levetid.

Skattar

Skattekostnad i resultatrekneskapen omfattar både perioden sin betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt 31.12.2023 er berekna med 22 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellane som eksisterar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt eventuelt likningsmessig underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserar eller kan reversere i samme periode, er utlikna. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast er oppført netto i balansen.



Note 2 - Driftsinntekter

Driftsinntekter knytt til dei ulike verksemdsområda vert fordelt som vist nedenfor (tal i 1.000 NOK).

Driftsinntekt knytt til sal av laks og aure er i 2023 sal av rogn og setjefisk til andre selskap i konsernet Lerøy Seafood Group, samt sal av laks og aure frå stamfiskkonsesjonar. I 2022 inneheld driftsinntektene knytt til sal av laks og aure også sal av laks og aure frå matfisk-konsesjonar, før dei i desember, same år, vart overført til dotterselskapet Sjøtroll Havbruk Sjø AS, som beskrive i note 4 og note 10.

| 2023 | Verksemdsområde | 2022 |
|------------------|------------------------------------|------------------|
| 85 142 | Sal av laks og aure | 2 107 904 |
| 109 287 | Pakking, foredling, ensilasje o.a. | 115 028 |
| 2 165 588 | Andre driftsinntekter *) | 144 701 |
| 2 360 017 | Sum | 2 367 633 |

*) Andre driftsinntekter inneheld i hovudsak sal av varer og tenester til selskap i konsernet Lerøy Seafood Group, i tråd med konsernets interprisingsavtaler. Sjå note 7 for ytterlegare informasjon om sal til nærtstående partar. Av andre driftsinntekter er TNOK 1.933.477 relatert til sal av varer og tenester til dotterselskapet Sjøtroll Havbruk Sjø. Dei ovanfor nemnte varene og tenestene selde til dotterselskapet inkluderer mellom anna sal av fôr, straum, utleige av driftsmidler, reparasjon, vedlikehald, utleige av personell og andre havbruksrelaterte tenester.

Selskapa i konsernet Lerøy Seafood Group har implementert eit avtalerammeverk i tråd med OECD-regelverket, for å sikre rett måling av verdiskapinga i ulike deler i verdikjeda. Sal av varer og tenester mellom selskap i konsernet vert gjort på marknadsmessige vilkår og er vurdert å være i tråd med OECD sitt regelverk.

Note 3 - Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette m.v.

Lønskostnad (1.000 NOK) og tal på tilsette

| 2023 | Lønskostnad | 2022 |
|----------------|-------------------------|----------------|
| 175 481 | Løn og feriepengar | 192 486 |
| 28 648 | Arbeidsgevaravgift | 25 674 |
| 487 | Andre ytingar | 1 214 |
| -377 | Offentlige tilskot | -516 |
| 21 271 | Innleidd arbeidskraft | 24 602 |
| 0 | Utleidd arbeidskraft | 0 |
| 13 703 | Premie OTP o.l | 15 736 |
| 10 275 | Andre personalkostnader | 8 251 |
| 249 489 | Sum | 267 448 |

| | | |
|-----|--------------------------------|-----|
| 248 | Gjennomsnittleg antall årsverk | 249 |
|-----|--------------------------------|-----|



Note 3 (forts)

Løn til dagleg leiar og godtgjeringar til styret (NOK 1.000)

| 2023 | Dagleg leiar | 2022 |
|--------------|--------------------------------|--------------|
| 1 159 | Løn til dagleg leiar | 1 210 |
| 0 | Andre ytingar til dagleg leiar | 0 |
| 1 159 | Sum | 1 210 |

Dagleg leiar er tilsatt 50% i Sjøtroll Havbruk AS og 50% i Lerøy Vest AS.

Godtgjeringar til styret:

| 2023 | | 2022 |
|------|---------------|------|
| 0 | Styrehonorar | 0 |
| 0 | Andre ytingar | 0 |

Lån og sikkerheitsstillingar til leiande personar, aksjeeigarar m.v.

Selskapet har ikkje ytt lån til eller stilt sikkerheit for tilsette, dagleg leiar, styremedlemmar, aksjonærar eller nærstående av desse.

Pensjonsordning - AFP

Brandasund Fiskeforedling - som blei innfusjonert i Sjøtroll Havbruk AS i 2013 - har ein AFP-ordning som omfattar samtlige tilsette, 01.01.23 var det 60 personar og ved årsslutt er antallet 3 (60 personar i 2022). Årets pensjonskostnad består av betalt premie for år 2023 på TNOK 735 (TNOK 629 i 2022). Balanseført verdi av forpliktinga er 0 pr 31.12.2023.

Offentleg tenestepensjon (OTP)

